

«Eg har allereie hatt det litt til og frå på skolen, og eg vil ikkje tilbake når det opnar igjen. Eg kjenner på ei enorm kjensle av einsemd. Kven har eg på skolen no?» - Elev 10.trinn 30.03.2020 -

**FASE 1** Akuttfasen. Heimeundervisning vart oppretta.

**FASE 2** Driftsfasen. Tida fram til skolane opnar igjen. Ver tru mot valde metodar, utvikle dei og følg opplæringslova etter gjeldande retningsliner. Ver merksam på at elevane i denne fasen har stort behov for sosial oppfølging.

## FASE 3 «Samle flokken»

Nokre elevar har aldri hatt det så godt som i desse vekene med heimeskole, men no skal flokken samlast att. Her er 8 råd frå elev-, lærling og mobbeomboda i Noreg:

1. Bruk kunnskapen du har om elevgruppa di. Korleis var *kulturen* i klassa før perioden med heimeskole? Ver ærleg med deg sjølv.
2. Kven bør få ein ekstra telefon- eller teamssamtale før skolestart? Kva for relasjonar bør ein sjekke ekstra opp? Kartlegge alle elevar og særleg dei sårbare. Analysere kva som har endra seg og bruk det i planlegginga av oppstarten.
3. Korleis tilpasse klasseleiinga til kunnskapen du no har om elevane som kjem tilbake til skolen? Struktur og føreseielegheit blir no ekstra viktig for mange elevar. Ta klasserommet frå fyrste stund med **STORT HJARTE OG STRAM REGI!**
4. Korleis skal du involvere foreldra i planlegginga og gjennomføringa av oppstarten? Ta kontakt med klassekontaktane og skolen sine råd og utval. Kva kan dei gjere for å støtte opp om arbeidet med skole- og klassemiljøet i denne fasen?
5. Har elevane dine ynske og behov det er viktig at du får vite om? Korleis kan du sikre at alle blir høyrte og sett? Medverknad gjennom å lytte til alle elevane sine stemmer bidreg til tillit og tru på at dei blir varetekne.
6. Kva for faktorar kan opprette opplevinga av tryggleik og tilhøyrse i elevgruppa? Kva kan du gjere for å auke samhaldet og bygge eit «gyldig vi»? Hugs at dette kan vere ein restart!
7. Kva kan du gjere for å auke motivasjonen hos elevane? Korleis få dei til å oppleve meistring? Kva for faktorar har innverknad? Drøft og sett i verk tiltak som kan auke opplevinga av meistring og motivasjon hos enkeltelevar og i klassa generelt.
8. Kven og kor i elevgruppa er det viktig å vere nære i den fyrste perioden? Er det elevar som treng ekstra støtte for å oppleve tryggleik og tilhøyrse i fellesskapet? Følg med, ver nysgjerrig og tett på i timane, overgangar, friminutt og SFO.

Ikkje vent å sjå - gå å sjå! Ha låg terskel for å varsle vidare om du ser uheldige endringar i empati, felleskap og kultur i klassa!

**Skap ein trygg skolestart for alle - med alt det inneber, med STORT HJARTE og STRAM REGI!**

